
Fra: Leif Johnsen <ljohnme@online.no>
Sendt: fredag 19. juni 2020 00:52
Til: Postmottak Alver
Emne: Sjøfuglvern og reglar for hurtiggåande småbåtar.

Hei. Eit spm om sjøfuglvern og gjeldande kommunale reglar vern og for ferdsel med hurtigbåtar.

Eg har i dag fått vite at det også i år er eit svanepar med ungar som blir truga og plaga av hurtiggåande båtar og vasskuterar i Rosslandsvågen. Dette har vore tilfelle i fleire år. Også andre stader i Alver har hatt liknande tilfelle og uheldige episodar.

Svanen er ein stor fugl og kan vere farleg særleg for barn når han blir truga til å forsvere seg og sine. Den tragiske historien om "Havnesjefsvanan" i Os bør vere vel kjent og ikkje noko me ønskjer å oppleve i Alver.

Eg ber derfor at kommune no før ein sommar med forventa stor auke i småbåttrafikken gjer kjent og tydeleg flg:

1. Reglar for vern av hekkande sjøfugl i kommunen vår.
2. Regler for ferdsel med hurtiggåande småbåtar og vasskuterar, særleg i farvatn der sjøfugl hekkar.

Eg ber også om at kommunestyret kan få ei orientering om dette i møtet 25. juni og om korleis kommunen kan informere publikum om både reglar, moglege vernetiltak og sanksjonar mot regelbrot.

Det vil kunne hjelpe for å få merksemd om problemet og forhindre at det utviklar seg. Ein kommune og region med så mye flott kystlandskap til rekreasjon for båtfolket må ta godt vare på dette naturmiljøet.

Med hesling
Leif Johnsen,

Alver MDG